



RAPPORT 33 2019

Kulturhistoriske registreringar

FV 6 Sveio sentrum - Grimestveit, gnr.41 Bnr.2, 3 og 9 mfl.
Sveio kommune

Føreord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Fylkeskonservatoren
Kontaktinformasjon/ e-post: Tore Slinning/ tore.slinning@hfk.no
Dato: 07.01.2019

INNHALD

1. Samandrag	1
2. Bakgrunn	2
3. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep	4
4. Metode	6
5. Området	6
6. Tidlegare registreringar og funn i området	7
7. Undersøkinga	10
9. Konklusjon	28
Referanser	29
Figur 1: Oversyn planområdet frå avstand	3
Figur 2: Oversikt over dei arkeologiske periodane	5
Figur 3: Oversyn planområdet.....	7
Figur 4: Oversiktskart over kjende kulturminne i nærområde, kulturminna ligg like aust for planområdet ved Sveio sentrum (etter Askeladden.ra.no)	8
Figur 5: Oversiktskart over kjende kulturminne i nærområde, kulturminna ligg like nord for planområdet på Nyland (etter Askeladden.ra.no).....	9
Figur 6: Tabell over kjende kulturminne i nærområde	9
Figur 7: Svarte markerar plassering sjaktområder	11
Figur 8: Sjakt 1 lengst sør i planområdet på gnr. 40, bnr. 5.....	12
Figur 9: Viser sjakt 1 på gnr. 40, bnr. 5 lengst sør i planområdet, bilete teke mot sør	13
Figur 10: Sjakt 2-14 på Åse like sør for Åsevatnet, på gnr. 41, bnr. 3, 2 og 9.....	14
Figur 11: Marka på Åse, på vestsida av Tjernagelvegen, gnr. 41, bnr.3 og 9, bilete teke før sjakting, teke mot nord.....	15
Figur 12: Sjakt 9 på Åse gnr. 41, bnr. 9, bilete teke mot vest-nordvest.....	16
Figur 13: Sjakt 13 på Åse, gnr. 41, bnr.2, bilete teke mot nord	16
Figur 14: Oversyn sjakter på gnr. 41, bnr. 9, aust for Åsevatnet	17
Figur 15: Sjakt 16 på Åse gnr. 41, bnr. 9. Bilete teke mot sørvest, ein ser sjakt 14 i bakgrunnen ...	18
Figur 16: Sjakt 20 på Åse gnr. 31, bnr.9, bilete teke mot sør-sørvest.....	18
Figur 17: Steingard som markerer eigedomsgrensa mellom gnr. 41, bnr. 8 og 9, bilete teke mot nord-nordvest	19
Figur 18: Steingard som ligger på eigedomsgrensa mellom gnr. 41, bnr. 8 og 9	20
Figur 19: Sjakt 27-29 på gnr. 42, bnr. 1, nord for Maritjørna	21
Figur 20: Viser område nord for Maritjørna gnr. 42, bnr. 1 før sjakting, teke mot nordaust.....	22
Figur 21: Viser sjakt 29 på gnr. 42, bnr.1, like nord for Maritjørna	22
Figur 22: Tabell over sjakter	24
Figur 23: Tabell over nyare tids kulturminne i planområdet	25
Figur 24: Kart over rydningsrøysfelt ved Lyngstad, på eigedom gnr. 54, bnr. 6.....	26
Figur 25: Rydningsrøyser som ligg i planområdet, bilete teke mot nordnord aust.....	27
Figur 26: Mur/steingard på gnr. 40, bnr. 214,	28

1. SAMANDRAG

I samband med FV 6, strekning mellom Sveio sentrum og Grimestveit i Sveio kommune på gnr. 41, bnr. 2, 3 og 9 mfl., har arkeologer ved Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune gjennomført ei kulturhistorisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet.

Registreringa vart utført av Ailén Moltu Frækhaug, Robert Stormark og Robert Hansen i tidsrommet 14.10.2019-18.10.2019 og 21.10.2019-23.10.2019. Det vart tilsaman nytta 16 dagsverk i felt. Rapport er skriven av Ailén Moltu Frækhaug.

Under registreringa vart det til saman grave 29 maskinelle sjakter, kor av alle var funntomme. Det vart òg overflateregistrert i beite- og skogsområder, i den samanheng vart det registrert nokre kulturminne frå nyare tid, i form av rydningsrøysar, steingarder og ein mur. Desse er ikkje automatisk freda jamfør kulturminnelova. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i samband med registreringa.

2. BAKGRUNN

Bakgrunnen for denne arkeologiske undersøkinga er ein reguleringsplan vedr. FV 6, og undersøkinga gjeld strekning mellom Sveio sentrum og Grimestveit, som er ein del av eit større vegprosjekt (vårt saksnummer i saka: 2017/3796). På bakgrunn av tidlegare kjente funn i planområdet og i området generelt, og dei topografiske tilhøva, vart planområdet vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune varsla difor arkeologisk registrering.



Figur 1: Oversyn planområdet fra avstand

3. KULTURMINNE OG KULTURMILJØ - NOKRE SENTRALE OMGREP

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. kulturminnelova § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Kulturminnelova vernar dei minna som er etter menneske frå oldtida og fram til slutten av mellomalder (inntil år 1537). Kulturminnelova sin § 4 inneheld samandrag av kva typar kulturminne som er automatisk freda. Dei ulike spora til ulik tid i førhistoria vår vert ordna i ulike arkeologiske periodar. Gjennom fagleg påvising og undersøking vil kulturminna byggja opp under vår innsikt om lokale tilhøve som igjen bidreg til vår nasjonale historie.

Tabellen under viser oss periodane slik dei er definert til no. Når periodane er skild ut i frå bruk av råstoff, teknikk og radiologiske dateringar vert alle funn ein viktig del av førhistoria vår. Eller heilt konkrete spor etter menneska før oss.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommesolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 2: Oversikt over dei arkeologiske periodane

Dei fleste automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg skjult under dagens markoverflate, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Det kan òg skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda. Etersom kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9. Ved andre tiltak som inneber endra arealbruk og inngrep i marka, er det arkeologiske undersøkingar etter § 11 i kulturminnelova som skal sikre at både kjente, og hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje blir øydelagde som følgje av eventuelle brot på § 3 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova. I SEFRAK-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 SEFRAK-registrert.

4. METODE

Sidan forhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflata, vil registreringsmetoden vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.


Maskinell flateavdekking er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrta lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande jordmassen blir fjerna av gravemaskina, følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekkta flata for å påvise spor etter forhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og veggriller etter hus, kulturlag, ulike typar nedgravingar som kokegroper, eldstadar og graver, samt fossile dyrkingslag og ardspor etter forhistorisk jordbruk. Ved registreringa vert det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierende lengde.

Ved overflaterregistrering blir området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustuffer, steingardar, geilar, vegar og vegfar, runesteinar, helleristningar, bergmalingar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, jernvinneanlegg, hellarar, steinbrot, bygdeborgar etc.

På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området, terrenget og nærleik til sjøen kunne ein vente å finne spor frå bronsealder, jernalder og middelalder i planområdet. Ved registreringa vart det difor gjort overflatesøk i utmark etter synlege kulturminne over markoverflate, samt grave sjaktar med maskin, for å søke etter kulturminne som kan ligge gjøymt under dagens markoverflate.

5. OMRÅDET

Det aktuelle planområdet ligg om lag 12 mil sør for Bergen, i Sveio kommune. Det strekk seg frå Sveio sentrum i sør til Grimestveit i nord, og omfattar delar av gnr. 40, 41, 42, 43 og 53. Planområdet har skogs- og utmarksområde, dyrka mark, beite- og bustadområde. Det meste av den dyrka marka ligg hovudsakeleg i den sørlege delen av planområdet rundt Åsevatnet. Medan størsteparten av skogs-, utmarks- og beiteområda ligg nord for Åsevatnet.



Figur 5: Oversiktskart over kjende kulturminne i nærrområde, kulturminna ligg like nord for planområdet på Nyland (etter Askeladden.ra.no)

Kulturminne ID	Type lokalitet	Eigedom	Datering	Kategori	Vernetype
172763	Fossile åkerlag/dyrkingslag	52/2	Seinmesolitikum	Arkeologisk minne	Automatisk freda
172764	Fossile åkerlag/dyrkingslag	53/2	Yngre steinalder/ynge bronsealder/merovingertid	Arkeologisk minne	Automatisk freda
172765	Fossile åkerlag/dyrkingslag	59/5	Eldre bronsealder	Arkeologisk minne	Automatisk freda
174711	Rydningsslag/svedjedrift	53/5	Førrømersk jernalder	Arkeologisk minne	Automatisk freda
106119	Gravminne	40/3	Jernalder	Arkeologisk minne	Fjernet
110521	Geil og røys	40/2	Førreformatorisk	Arkeologisk minne	Automatisk freda
156376	Kirkested	40/5	Middelalder/Etterreformatorisk	Kirkested	Automatisk freda
240723	Gardstun	40/12	1800 talet	Nyare tid	Kommunalt listeført
240759	Våningshus og lemstove	40/4	1700 talet	Nyare tid	Kommunalt listeført
250325	Funnsted spenne av sølv	40/5	Jernalder	Arkeologisk minne	Lausfunn/ ikkje freda

Figur 6: Tabell over kjende kulturminne i nærrområde

7. UNDERSØKINGA

Registreringa vart gjennomført i tidsrommet 14.10.2019 -18.10.2019 og mellom 21.10.2019-23.10.2019 av Ailén Moltu Frækhaug, Robert Stormark og Robert Hansen. Det vart til saman nytta 16 dagsverk i felt. Rapport er skriven av Ailén Moltu Frækhaug. Under registreringa vart det grave totalt 29 sjakter i dyrka mark og i beiteområde, alle var funntomme. Sjaktene vart grave på tre område langs nemnte vegtrasé, som alle er markert på kartet i figur 7. Det vart òg overflaterregistrert i utmark og skogkledde delar av planområdet, i den samanheng vart det registrert åtte rydningsrøysar og ein mur. I samband med sjaktinga vart det òg målt inn ein tilsynelatande gamal steingard, som markerer eigedomsgrensa mellom gnr. 41, bnr. 8 og 9.


7.1 Maskinell sjakting

Lengst sør i planområdet, ved krysset Tjernagelvegen - Fv 47 (sjå vedlagt kart, figur. 8) vart det grave ei sjakt (sjakt 1) i dyrka mark, på eigedom gnr. 40, bnr. 5. Det er berre ei smal stripe av marka som er med i planområdet. Det er skrint i området og det går og ein kabel lengst aust i sjakta. Sør for sjakta smalnar planområdet inn mot vegen, det er òg veldig vått i område. Område nord for sjakta var ikkje eigna for graving, der ligg og ein verna salamanader dam, så graving var uaktuelt. På austsida av vegen er det òg ei lita stripe av den dyrka marka som ligg innanfor planområdet. Det vart vurdert lite potensial på austsida, då det er veldig steinete, fuktig og skrint, det går og ein del kabler og leidningar i området.


På Åse like sør for Åsevatnet, vart det i dyrka mark på vestsida av Tjernagelvegen grave 13 sjakter (sjakt 2-14). Sjaktene ligg på høvesvis gnr. 41, bnr. 3, 9 og 2. Det er skrint, men fin undergrunn fleire stader. Det er truleg for skrint med massar til at eldre bosettingsspor kan vera inntakte, grunna moderne jordbruksmaskinar og anna moderne aktivitet. Lenger nord på denne sida av vegen vart det ikkje grave, då flata ligg svært lågt i terrenget, nær vatnet, det er fuktig og går drenering her retning aust-vest, som er synleg i markoverflata.

På austsida av Tjernagelvegen like aust for Åsevatnet, vart det grave 11 sjakter i beitemark på gnr. 41, bnr. 9 og 8. Det er svært skrint her, men stortsett tørt. Landskapet er noko ujamnt med små forhøgningar her og der. Lengst nord på marka er ein gamal steingard, denne ligg på eigedomsgrensa mellom bnr. 9 og 8. Område grensar til vegen i vest og bustadområde i aust og sør, medan det i nord grensar til utmark.

Like nord for Maritjørna vart det grave tre sjakter i dyrka mark på gnr. 42, bnr. 1. Sjaktene ligg i ei helling som skrånar frå aust mot traktorveg i vest (sjakt 27-29). Område grensar til skog i nord og traktorveg i vest, traktorveg i sør og plangrensa i aust. Sjaktene ligg i hellinga som skrånar frå aust mot traktorveg i vest. Det er fine massar i sjakt 27 og 28, undergrunn består av raudoransje siltig sand. I sjakt 29 er det tydelig omrota, og ein del moderne skrot og trevirke. Det har truleg stått eit bygg på flata ein gong, visst ikkje er det greve ned avfall på den lille flata.




Figur 7: Svarte markerar plassering sjaptområder



Figur 8: Sjakt 1 lengst sør i planområdet på gnr. 40, bnr. 5.



Figur 9: Viser sjakt 1 på gnr. 40, bnr. 5 lengst sør i planområdet, bilete teke mot sør



Figur 10: Sjakt 2-14 på Åse like sør for Åsevatnet, på gnr. 41, bnr. 3, 2 og 9




Figur 11: Marka på Åse, på vestsida av Tjernagelvegen, gnr. 41, bnr.3 og 9, bilete teke før sjakting, teke mot nord



Figur 12: Sjakt 9 på Åse gnr. 41, bnr. 9, bilete teke mot vest-nordvest



Figur 13: Sjakt 13 på Åse, gnr. 41, bnr.2, bilete teke mot nord



Figur 14: Oversyn sjakter på gnr. 41, bnr. 9, aust for Åsevatnet




Figur 15. Sjakt 16 på Åse gnr. 41, bnr. 9. Bilete teke mot sørvest, ein ser sjakt 14 i bakgrunnen




Figur 16: Sjakt 20 på Åse gnr. 31, bnr.9, bilete teke mot sør-sørvest



Figur 17: Steingard som markerer eigedomsgrensa mellom gnr. 41, bnr. 8 og 9, bilete teke mot nord-nordvest



Figur 18: Steingard som ligger på eigedomsgrensa mellom gnr. 41, bnr. 8 og 9



Figur 19: Sjakt 27-29 på gnr. 42, bnr. 1, nord for Maritjørna



Figur 20: Viser område nord for Maritjørna gnr. 42, bnr. 1 før sjakting, teke mot nordaust



Figur 21: Viser sjakt 29 på gnr. 42, bnr. 1, like nord for Maritjørna

Sjakt	Retning	Lengde (m)	Breidde (m)	Djupne (cm)	Undergrunn
1	N-S	20 m	3 m	40 cm	Treff dels oppløyst berg dels oransje og grå blå silt.
2	NV-SA	13 m	3 m	30-40 cm	Gråbrun grus, berg
3	N-S	18 m	3 m	20-40cm	Gråbrun grus
4	NV-SA	7 m	3 m	30-60cm	Gråbrun grus, berg
5	NV-SA	6 m	3 m	40-50 cm	Oransjebrun siltig sand, berg oppløyst noen steder
6	NV-SA	7 m	3 m	30-40 cm	Grå til oransje siltig sand, noko småstein
7	NV-SA	12 m	3 m	30 cm	Siltig oransje sand nokre steder, elles berg.
8	NV-SA	6 m	3 m	30 cm	Treff berre oppløyst berg, sjakta vert avslutta
9	NV-SA	12 m	3 m	40-50 cm	Raudbrun siltig sand, noko fast berg og oppløyst berg her og der.
10	NV-SA	12 m	3 m	30-40 cm	Berg synleg fleire stader elles oransjeraud siltig sand. Moderne forstyrning i ende mot sjakt 8.
11	NV-SA	10 m	3 m	30-50 cm	Påførde massar truleg i samband med veg, mykje moderne skrot og storstein. Treff elles berg.
12	V-A	22 m	3 m	40-60 cm	Raudbrun siltig sand, berg synleg fleire stader.
13	NNA-SSV	10 m	3 m		Berg, noko raudbrun silt
14	NNA-SSV	7 m	3 m	30 cm	Berg og lommer med raudbrun siltig sand.
15	NNA-SSV	10 m	3 m	20-50cm	Berg, raudbrun sand. Dyrkingsrester men ikkje samanhengande.
16	NNA-SSV	9 m	3 m	5-40 cm	Berg, brun sand
17	NNA-SSV	6 m	3 m	20-40 cm	Berg
18	NNA-SSV	10 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun silt innimellom berg
19	NNA-SSV	13 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
20	NNA-SSV	5 m	3 m	30-40 cm	Berg
21	NNA-SSV	15 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
22	NNA-SSV	12 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
23	NNA-SSV	12 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.

24	NNA-SSV	6 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
25	V-A	6 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
26	VNV-ASA	6 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
27	V-A	27 m	3 m	30-40 cm	Berg, lommer med raudbrun siltig sand.
28	V-A	23 m	3 m	50-60 cm	Oransje til grå siltig sand, noen torvflekker her og der
29	ANA-VSV	6 m	3 m	30-50 cm	Omrota, mykje moderne skrot som trevirke og lignande. Har truleg stått eit bygg/ ei løe på staden


Figur 22: Tabell over sjakter

7.2 Kulturminne frå nyare tid

I samband med registreringa vart det og utford overflatesøk i skogs-, utmarks- og beiteområder i planområdet. I den samanheng vart det registrert kulturminne frå nyare tid. Det vart registrert åtte rydningsrøysar, kor av berre to ligg innanfor sjølve plangrensa, medan resten ligg like utanfor. Røysene ligg samla i eit rydningsrøysfelt og omkransar eit rydda område. Det vart elles dokumentert ein mur, samt steingarden på sjaktområde like aust for Åsevatnet, som er tidlegare nemnt (sjå figurar 22-25 for meir info).

NR.	TYPE	Høgde (cm)	Mål (m)	MERKN AD
1	Rydningsrøys	100	6x3	Opplødd neve til hovudstore stein
2	Rydningsrøys	50	4x2	Opplødd neve til hovudstore stein
3	Rydningsrøys	-	-	Opplødd neve til hovudstore stein
4	Rydningsrøys	-	-	Opplødd neve til hovudstore stein
5	Rydningsrøys	-	-	Opplødd neve til hovudstore stein
6	Rydningsrøys	-	-	Opplødd neve til hovudstore stein
7	Rydningsrøys	-	-	Opplødd neve til hovudstore stein
8	Rydningsrøys	-	-	Opplødd neve til hovudstore stein
9	Steingard	30-40		Enkelt liggande stein, hovudstore og større
10	Mur	40-60	0,5 x 97	Opplødd hovudstore stein


Figur 23: Tabell over nyare tids kulturminne i planområdet



Figur 24: Kart over rydningsrøysfelt ved Lyngstad, på eiendom gnr. 54, bnr. 6



Figur 25: Rydningsrøyser som ligg i planområdet, bilete teke mot nordnordaust



Figur 26: Mur/steingard på gnr. 40, bnr. 214,

9. KONKLUSJON

Den arkeologiske registreringa i samband med FV 6, strekning Sveio sentrum- Grimestveit, vart gjennomført i periodene 14.10.2019- 18.10.2019 og 21.10.2019-23.10.2019. Det vart ikkje påvist nye funn som kjem inn under § 4 i kulturminnelova, om automatisk freda kulturminne. Det vart registrert kulturminne frå nyare tid i form av rydningsrøys, mur og steingard, desse er ikkje automatisk freda jamfør kulturminnelova.

REFERANSER

Den nasjonale kulturminnedatabase «Askeladden» (Askeladden.ra.no).

Lohne, Ø. 2006: *SeaCurve_v1 – Teoretisk berekning av strandforskyvningskurver i Hordaland frå UTM koordinater (excel-ark)*

Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyving på sørlige Bømlo*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

